

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 11.02.2008 **Tid:** 15.00-17.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste).

Av medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge, og frå teknisk eining møtte Ivar Erstad og John Inge Sandvik.

Merknader: Brigit Olav Gåsdal fekk permisjon og gjekk i frå møtet kl. 17.00, før vedtak i sak 14/08.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 12. februar 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkallinga og saklista var godkjent.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren orienterte om demonstrasjonsmøte den 07.02.08 med foreldre og barn vedk. for dårleg brøyting av vegen og ønskje om ny til skianlegget i Totræna. Ordføraren inviterer idrettslaget og repr. frå grunneigarane til drøftingsmøte på saka, og det vert sett ut sand slik at ein har høve til å stø på glatt føre.

Adm.sjef Ramsli orienterte om KS sitt leiarutviklingsprogrammet: "Krefter i bevegelse", med fokus på arbeidsstrategi mot 2020. Kurset kan finansierast frå eige budsjett og ved å omdisponera kr. 25.000,- frå felles opplæringspost. Utvalet slutta seg til at Ramsli og Våge deltek i denne opplæringa.

Adm.sjef orienterte om notat vedk. løntilbod til ny kommunelege I. Personalsjefen får fullmakt til å gå inn på ny lønsavtale.

Øyvind Røen orienterte om Fylkesmannen sitt utviklingsprosjekt: LivOglyst. Tre lokalsamfunn kan vert valt ut som satsingsområde for lokalutvikling. Frist for søknad er 15 feb. Samnanger gjev tilbakemelding om at dei ønskjer sende søknad og vil ha besøk av fylkesmannen.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0014/08	06/00107	VA-PROSJEKT OG TETTSTADUTVIKLING PÅ YTRE TYSSE - MILJØGATE, TUSENÅRSPARK OG KAI

0014/08

**VA-PROSJEKT OG TETTSTADUTVIKLING PÅ YTRE TYSSE
- MILJØGATE, TUSENÅRSPARK OG KAI**

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:

1. "Prosjektorganiseringa for VA-anlegg og tettstadprosjektet/miljøgata på ytre Tysse vert som skissert i saksutgreiinga
2. Det vert arbeidt vidare med VA-løysing i samsvar med saksutgreiinga. Alle hus langs miljøgata skal knytast til det kommunale VA-anlegget.
3. Forprosjekt datert 07-02.2008 justert i samsvar med saksutgreiinga vert lagt til grunn for vidare arbeid med miljøgata/tettstadprosjektet
4. Det vert vurdert fortetting av bustader og parkering ved tusenårsparken, jfr. reguleringsplanen.

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Prosjektorganiseringa for VA-anlegg og tettstadprosjektet/miljøgata på ytre Tysse vert som skissert i saksutgreiinga
2. Det vert arbeidt vidare med VA-løysing i samsvar med saksutgreiinga. Alle hus langs miljøgata skal knytast til det kommunale VA-anlegget.
3. Forprosjekt datert 07-02.2008 justert i samsvar med saksutgreiinga vert lagt til grunn for vidare arbeid med miljøgata/tettstadprosjektet
4. Det vert vurdert fortetting av bustader og parkering ved tusenårsparken, jfr. reguleringsplanen.